

ODDEHEIA WIND DA
Box 388, SE-201 203 Malmö

Vår dato: 25.05.2023

Vår ref.: 201203842-205 Oppgis ved kontakt

Dykkar ref.:

Oddeheia og Bjelkeberget vindkraftverk - Konsesjonen har bortfalt

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) opplyser med dette brevet at konsesjonen for å bygga og driva Oddeheia og Bjelkeberget vindkraftverk har falle bort. Vindkraftverket vart ikkje realisert innan tidsfristen som vart satt som eit vilkår i anleggskonsesjonen.

E.ON Wind Norway, branch of E.ON Wind Norway (E.ON) fekk konsesjon av NVE til å bygga og driva Oddeheia og Bjelkeberget vindkraftverk den 08.12.2017.¹ OED stadfesta NVE sitt vedtak den 20.12.2018.² Vindkraftverket var planlagt i Birkenes kommune, Agder fylke.

I 2021 vart konsesjonen overført frå E.ON til Oddeheia Wind DA.³

I anleggskonsesjonen av 15.01.2019 vilkår 1 står det at anlegget «må være satt i drift innen 31.12.2021». Vidare står det i vilkår 3, tredje avsnitt, at konsesjonen «bortfaller dersom fristen for (...) idriftsettelse ikke overholdes».⁴

Oddeheia og Bjelkeberget vindkraftverk vart ikkje sett i drift innan fristen for idriftsetting 31.12.2021, og konsesjonen har dermed falle bort.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på.

Med helsing

Svein Grotli Skogen
seksjonssjef

Thomas Mo Willig
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

¹ NVE ref. 201203841-137

² NVE ref. 201203841-162

³ NVE ref. 201203841-196

⁴ NVE ref. 201203841-163



Mottakarliste:

ODDEHEIA WIND DA

Kopimottakarliste:

STATNETT SF

BIRKENES KOMMUNE

STATSFORVALTEREN I AGDER

AGDER FYLKESKOMMUNE

GLITRE NETT AS

Per Erik Stoveland

Leif Inge Sundtjønn

Alfred Kylland

Torfinn Knutsen

Nils Gunnar Kylland

Nils Terje Helleland

Arild Aanesland

Stein Trygve Ramse